

ÅRSMELDING

for Rasdalen grendalag

2010/2011

Innleiing

Årsmøtet for 2009/10 vart avvikla i grendahuset 01.04.10. På dette årsmøtet vart det vedteke at det sitjande styret skulle halda fram i eitt år til.

Styret har då vore samansett slik :

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Ingfrid Rasdal, Arild Skjelbred, Frøydis Eide og Jan Rasdal

Varamedlemmer : Frode Tufte, Paal Rasdal

Revisor : Bergljot Tufte

Valnemd : Jan Olav Larsen (2 år), Geir Rasdal (1 år)

I styret er det no Frøydis og Jan som står på val.

Møteverksemd

Også dette året har det vorte halde to styremøte i grendalaget. Det første møtet hadde me som vanleg i mai, med dato **14.05.**

Det andre styremøtet gjekk av stabelen **15.10.**, begge møta med 7-8 saker på saklista.

Årsmeldinga vil vidare setja fokus på eit utsnitt av dei sakene det siste året som me i styret synest er viktige for grendalaget - og som kan ha interesse for alle medlemmene.

Den godkjende årsmeldinga vert lagd ut på Rasdalssidene, www.rasdalen.no. Viktig informasjon vert også kunngjort som oppslag i Rasdalen.

Saker det har vore arbeidd med

*** Kjøkkenet**

Det nye kjøkkenet er no ferdigstilt, og det er også kjøpt inn ein god del nytt utstyr, m.a. bestikk, tallerkar, glas o.s.v. Det er utan tvil mykje enklare å ha arrangement på grendahuset etter at det nye kjøkkenet kom på plass. Dette kan underteikna bekrefta etter å ha invitert slekt og venner til ei samkome i grendahuset pinseaftan i fjor.

*** Sommarfesten 2010**

Festkomitéen hadde som vanleg laga ei grei ramme rundt denne festen. Også denne gongen var det laga til koldtbord – i tillegg til allsong, åresal – og ikkje minst : tid til at folk fekk preika i lag. Aktivitetane var godt fordelte, og det såg ut til at folk treivst og kosa seg. Me er opne for innspel om nye aktivitetar, og at at folk med "nytt og friskt" blod berre må melda seg til teneste. Inntektene på denne festen er viktige for grendalaget, og i fjor fekk me inn 5.500 kr på inngangsbillettar og åresal. Tradisjonen med sommarfest er også viktig med tanke på samhald og sosialt engasjement i dalen.

*** Påskebasaren**

Basaren på påskeaftan er, som tidlegare sagt, framleis den viktigaste økonomiske "mjølkekua" for Rasdalen grendalag. Basarkomitéen har rutine og ansiennitet, og styret er også takksam for at folk er så flinke til å stilla opp og gje gevinstar til åresalet. Påskerennet må også nemnast, der har Geir Rasdal i årevis stilt opp og gitt eit flott tilbod til dei yngre i dalen.

*** Økonomien til grendalaget**

Som det er skrive i dei siste årsmeldingane, så meiner styret at me har hatt bra kontroll og styring med økonomien. Dette har medført at det har vore lettare for styret å driva og å halda oppe aktiviteten i grendalaget. Investeringane i nytt kjøkken kosta ein del, og så har me også våre faste utgifter som t.d. straum og forsikring. Rett før påske står det ca 14.000 kr på kontoen vår, og om to dagar kjem påskebasaren med økonomisk påfyll. Medlemskontingenten er no auka, og det vart også i fjor utarbeidd utleigesatsar for grendahuset.

Vurdering av arbeidsåret og vegen vidare

I året som har gått har nok aktiviteten i grendalaget vore litt mindre enn i åra før. Det har vore ein god del saker å arbeida med i den tida dette styret har fungert, og særleg gjorde det godt å få orden på kjøkkenet. Det vart dessverre ikkje noko dugnad i 2010, og det får leiaren ta sin del av skulda for, då han la beslag på grendahuset på sjølvaste pinseaftan. Styret har fungert uendra i mange år no, og det har ført med seg at me har fått kontinuitet i arbeidet vårt. Men det er også viktig at me tenkjer på rekruttering, så etter kvart lyt det sleppast til nye og yngre krefter i styret.

Sjølv om me synest at det har skjedd ein del i løpet av dei siste åra, så gjenstår det framleis mykje. Lista over ting som må eller bør gjerast, ser aldri ut til å ha ein ende. Det å støtta opp om, vedlikehalda - og også utbetra - grendahuset krev både innsats og innsikt, og me er avhengige av at folk stiller opp og gjev ei hand. Difor vil styret avslutningsvis takka for alt arbeid og all innsats opp gjennom åra, og me håpar også på god hjelp i det vidare arbeidet.

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal
leiar

14.04.11